

Utvandring til Amerika frå Hustoft og Skipevåg frå 1897 til 1907

Det var store barneflokkar på desse gardane, og mange var blitt vaksne rundt dette århundreskiftet. På Hustoft hadde Tollef Larsen og Inger 13 born.

I Skipevåg b.nr. 2 Vikane hadde Bjørn Bjørnsen og Borghild 8 born

I Skipevåg b.nr. 1 hadde Ola Larsen og Magla 10 born.

Altså tilsaman 30 born på desse tre nabogardane. Det var ikkje så gode tider i Norge, og Amerikafeberen var høg. Ei jente og sju gutar frå desse gardane reiste over «Storemyren» mellom 1897 og 1907.

Fire frå Hustoft, to frå Vikane og to frå Skipevåg b.nr.1.

Kven var dei og korleis gjekk det med dei? Ein kan med ein gong slå fast at utvandringa ikkje blei ei rein solskinshistorie for alle.

Blå skrift er aktive linkar. Klikk på dei for meir info

Hustoft:

Laura Tollefsdatter f.1874.

Ho reiste i 1902, og var passasjer på [SS Teutonic](#) med avgang frå Liverpool 12.02.1902 og ankomst New York 21 febr. SS Teutonic høyrde til rederiet «White star line», altså same rederiet som nokre år seinare kontraherte det meir kjente skipet «SS Titanic».

Laura budde først i Seattle, seinare Shelton, hadde sitt daglege virke i hotellnæringa (hotelvært).

Ho gifta seg med Ole G. Haarberg 26. juli 1911, dei hadde ikkje born.

Laura var ein tur i Norge i 1920. Reiste til Amerika igjen med «SS Stavangerfjord» i august dette året.

Ho døydde i Shelton, Washington 8. november 1929 vel 55 år. Sjå denne [LINK](#)



Andreas Tollefsen f.1876.

Han reiste fyrst til Iowa i lag med Lars Nybru og Lars H. Krokedal i 1897, Andreas og Lars reiste etter ei tid vidare til Seattle. Andreas var i USA ca 5 år før han returnerte til Hustoft. Men i april 1904 reiste han på nytt over Atlanteren i lag med naboguten Olaus Skipevåg.

Dei var passasjerar på [«SS Saxonia»](#) som gjekk frå Liverpool 12. april 1904 og var framme i Boston 21. april.

I passasjerlistene var det ein rubrikk: «relative or friend you are going to join». Her har Andreas ført opp broren Lars T. Hustoft Seattle som hadde vore i USA ca eit år.

Andreas blei ikkje i USA så lenge denne gongen. Han var odelsgut, og faren Tollef døydde i 1905.

Andreas returnerte til Norge til jul 1905 for å ta seg av gardsdrifta på Hustoft.

Lars Tollefsen f.1882

Lars var ein av mange frå Imsland som reiste våren 1903. Han var passasjer på «SS Saxonía» som gjekk frå Liverpool 21. april 1903, og var framme i Boston 1. mai.

Han slo seg til i Seattle, og var både slakthusarbeidar og skogsarbeidar dei fyrste åra. I 1908 reiste han i lag med Olaus O. Skipevåg, Konrad B. Skipevåg og Ola J. Kvaløy til Nome i Alaska på gullgraving eit års tid.

Lars var og sporvognsfører. Han står og oppført som soldat for USA i 1. verdskrigen.

Lars Tollefsen reiste aldri til Norge igjen. Han døydde som ungkar i Seattle 8. februar 1939 (ca 57 år).

Ved folketeljinga i 1920 budde Lars i [Weller st. 625 Seattle](#).

Clergy Record
☆

Officiating Minister

Name of Deceased
LARS HUSTOFT

Age and Date of Birth Aged 56, date unknown
Died February 8, 1939

Birthplace Norway (Imsland-Stavanger)

Residence Unknown

Relatives—
Brother and sister in Norway
Andreas
Bertha Frøiland

Date of Funeral March 13th, 1939

Disposition WASHINGTON MEMORIAL PARK

REGISTRATION CARD

SERIAL NUMBER 71111 OFFICE NUMBER 7730

1 Lars Hustoft

2 PERMANENT HOME ADDRESS:
716 Maynard Seattle King Wash

Age in Years 36 Date of Birth Oct 30 1882

RACE

White	Negro	Oriental	Indian	Citizen	Alien
5 <u>yes</u>	6 <u>no</u>	7 <u>no</u>	8 <u>no</u>	9 <u>no</u>	10 <u>no</u>

U. S. CITIZEN **ALIEN**

Native born	Naturalized	Color by Father's Naturalization - Before Register's Majority	Declared	Non-declared
10 <u>no</u>	11 <u>no</u>	12 <u>no</u>	13 <u>no</u>	14 <u>yes</u>

15 I am a citizen of the U. S., of what nation are you a citizen or subject? Norway

PRESENT OCCUPATION: Laborer EMPLOYER'S NAME: E. R. Spinney - Cont

16 PLACE OF EMPLOYMENT OR BUSINESS: Box 122 93 - on Dearborn

NEAREST RELATIVE: Name Gust. Hustoft Address Seattle Wash

I AFFIRM THAT I HAVE VERIFIED ABOVE ANSWERS AND THAT THEY ARE TRUE
P. M. G. O. Lars Hustoft
Form No. 7 (Rev)

Gudmund Tollefsen f.1886

Han reiste ut frå Stavanger 22.02.1907 med reisemål Seattle Washington. I USA er det ikkje råd å finne meir om dette navnet. Han var aldri i Norge igjen. Det er stor sannsynlegheit for at han brukte eit anna navn i USA, og det er fleire indikasjonar på at det nye navnet var Gus Thompson.

På mønstringskortet for Lars T. Hustoft i 1918 er det under nærmeste pårørende ført opp Gus Hustoft. I folketeljinga for 1920 bur det på same adressa som Lars T. ein som kom til Seattle frå Norge i 1907, han er født i 1886, og navnet er Gus Thompson. Fødselsår stemmer, årstal for ankomst stemmer, fornavnet liknar på det som blei oppført i mønstringskortet til Lars.

Kan Gus Thompson vere ei amerikanisering av Gudmund Tollefsen? Det er fleire ting som tyder på det. Ein finn og eit mønstringskort frå 1918 på Gus Thompson født i Norge 28. april 1886, datoen stemmer med Gudmund. Etter folketeljinga i 1920 er det ikkje mogleg å finne meir om han. Ein finn ein Gus Thompson som reiste ut frå USA til British Columbia før 1930, men det er usikkert om det er «vår» Gus Thompson. Ein finn og ein med det navnet som hotellarbeider i Shelton i ca 1925. Det kan og vere rette personen sidan det var i same byen søstera Laura var hotellvert. Ut frå nye opplysningar i brev frå Lars Nybru til broren Bjørn i november 1930, går det fram at Gudmund (Gus) for det meste var på fiske i Alaska. Det kan godt hende at han difor har budd i Canada.

7
REGISTRATION CARD

SERIAL NUMBER 161	ORDER NUMBER A 8375
----------------------	------------------------

1 *Jus Thompson*
(First name) (Middle name) (Last name)

2 FERNANT HOME ADDRESS:
716 Dearborn St Seattle King Wash
(No.) (Street or R. F. D. No.) (City or town) (County) (State)

Age in Years: *32* Date of Birth: *April 28th 1886*
(Month) (Day) (Year)

RACE: White Negro Oriental Indian Chinese Japanese

U. S. CITIZEN: Native Born Naturalized Citizen by Father's Naturalization By Act of Congress Declarant Non-declarant

15 If not a citizen of the U. S., of what nation are you a citizen or subject? *Norway*

PRESENT OCCUPATION: _____ EMPLOYER'S NAME: _____

46-1-10 REGISTRAR'S REPORT

DESCRIPTION OF REGISTRANT

HEIGHT			BUILD			COLOR OF EYES	COLOR OF HAIR
Tall	Medium	Short	Slender	Medium	Stout	<i>Blue</i>	<i>Light</i>
21	22	23	24	25 <input checked="" type="checkbox"/>	26		

29 Has person lost arm, leg, hand, eye, or is he obviously physically disqualified? (Specify) *No*

30 I certify that my answers are true; that the person registered has read or has had read to him his own answers; that I have witnessed his signature or mark, and that all of his answers of which I have knowledge are true, except as follows:

W. H. Plachy
(Signature of Registrar)

Date of Registration: *September 12th 1918*

Skipevåg b.nr.2 Vikane:

Bjørn Bjørnsen d.y. f.1884.

Dette er og ein me veit lite om. Han reiste ut 3. april 1904 med reisemål Minnesota, men han enda i Seattle han og. Bjørn hadde lite kontakt med heimlandet, og er ikkje å finne i folketeljingar e.l. i USA med det norske navnet.

Navnet til Bjørn blei i USA Ben Benson. Slike navneendringar var ikkje uvanlege.

Nevøen Bjørn Skipevåg kan og hugse frå han var liten at Bjørn bytte navn til Ben i Amerika.

Ein finn forskjellig informasjon om Ben Benson der fødselsdato stemmer, bl.a. mønstringskort for WW2 skrive ut i 1942. Han budde då i Tacoma litt sørvest for Seattle og jobba for Simpson Logging Company. I folketeljinga for 1920 finn ein Ben Benson f. 1884 i Norge som innsatt i Tacoma byfengsel. Kva som er årsaka veit me ikkje, men det ser ut til at han har klart seg fint seinare.

Ben Benson f. 17. mai 1884 i Norge døydde i september 1968 (84 år) i Tacoma utanfor Seattle.

REGISTRATION CARD—(Men born on or after April 28, 1877 and on or before February 16, 1897)

SERIAL NUMBER U 3155	1. NAME (Print) <i>Ben (none) Benson</i>	ORDER NUMBER
-------------------------	---	--------------

2 PLACE OF RESIDENCE (Print)
1911 Market St - Tacoma Pierce Wash
(Number and street) (Town, township, village, or city) (County) (State)

(THE PLACE OF RESIDENCE GIVEN ON THE LINE ABOVE WILL DETERMINE LOCAL BOARD JURISDICTION; LINE 2 OF REGISTRATION CERTIFICATE WILL BE IDENTICAL)

3. MAILING ADDRESS
Camp 5 - Simpson Log. Co. Shelton, Wash.
(Mailing address if other than place indicated on line 2. If same insert word same)

4. TELEPHONE: *none* 5. AGE IN YEARS: *57* 6. PLACE OF BIRTH: _____

DATE OF BIRTH: *May 17 1884 Norway*
(Month) (Day) (Yr.) (Town or county) (State or country)

7. NAME AND ADDRESS OF PERSON WHO WILL ALWAYS KNOW YOUR ADDRESS
Minnie Orse - 1911 Market St - Tacoma, Wash.

8. EMPLOYER'S NAME AND ADDRESS
Simpson Logging Co

9. PLACE OF EMPLOYMENT OR BUSINESS
Camp 5 Shelton Mason Wash
(Number and street or R. F. D. number) (Town) (County) (State)

I AFFIRM THAT I HAVE VERIFIED ABOVE ANSWERS AND THAT THEY ARE TRUE.

Ben Benson
(Registrar's signature)

D. S. S. Form 1 (Revised 4-1-42) (over) 16-21630-2

Ben Benson
in the U.S., Social Security Death Index, 1935-2014

Name:	Ben Benson
SSN:	531-03-8521
Last Residence:	98402 Tacoma, Pierce, Washington, USA
BORN:	17 May 1884
Died:	Sep 1968
State (Year) SSN issued:	Washington (Before 1951)

[SAVE](#) [Cancel](#)


Konrad Bjørnsen f.1888.

Konrad reiste i lag med Gudmund Hustoft 22.02.1907. Han slo seg til i Seattle, og var dei fyrste åra slakthusarbeidar der. I 1908 reiste han i lag med Olaus O. Skipevåg, Lars T. Hustoft og Ola J. Kvaløy til Nome i Alaska på gullgraving eit års tid, før han returnerte til Seattle.

Konrad var i Norge i 1913-14. Målet var å kjøpe seg gard, men prisane hadde auka såpass at han returnerte til USA 14. februar 1914.

Nokre år seinare blei Konrad sjuk, og døydde i USA av lungebetennelse i april 1918, 30 år gamal.

Konrad var fornuftig, og la seg opp pengar. Faren, Bjørn Bjørnsen arva pengar etter han.



Skipevåg b.nr.1.

Olaus Olsen f.1879.

Olaus reiste i april 1904 i lag med naboen Andreas T. Hustoft.

Dei var passasjerar på «[SS Saxonía](#)» som gjekk frå Liverpool 12. april 1904, ankomst Boston 21. april. I passasjerlistene var det ein rubrikk: «relative or friend you are going to join». Her har Olaus ført opp broren Thormod O. Skipevåg Seattle, Thormod hadde då vore i USA ca i eit år.

Olaus jobba både på slakthus og som skogsarbeidar, han var og ein av dei fire som reiste til Nome i Alaska på gullgraving i 1908. Var der ca eit år og returnerte til Seattle.

Olaus var for det meste ute på hardt skogsarbeid. I brev frå Lars Nybru til broren Bjørn på Nybru går det fram at han hausten 1929 såg «gammel og krokete ut». Han hadde og «knækt leggen» og vore ute av skogsdrifta i eit år då, men var tilbake i skogen det året.

Utsliten av 30 år på hardt skogsarbeid med skader og sjukdom som kan ha vore Syfilis var det ikkje mogleg å arbeide lenger. Sjukepengar og liknande var det dårleg med i Amerika. Han kom heim til Norge omtrent kleslause i 1934 etter 30 år i USA. Han var då sjuk og utsliten. Olaus budde hjå søstera Anna Gryte i Vikjå i Skipevåg og døydde 6. juni 1939, 60 år gamal.


Thormod Olsen f.1882.

Thormod var og ein av mange frå Imsland som reiste våren 1903. Han var passasjer på «SS Saxonía» som gjekk frå Liverpool 21. april 1903, og var framme i Boston 1. mai. Som mål for reisa oppgav Thormod at han skulle besøkja slektning Helleik Haugaland, Helleik var syskenbarnet til faren.

Thormod slo seg til i Seattle, jobba på slakthus og som skogsarbeidar.

Målet til Thormod var å arbeida mykje og hardt ein kort periode for å kome heim til Norge og kjøpe gard. Etter fem år i Seattle kom han heim i 1908, men arbeidsmarkedet i Norge var dårleg, og ingen gardar var til salgs. Han ville difor reise bort igjen våren 1909.

Men diverre blei Thormod sjuk. Han fekk tuberkulose, og døydde av sjukdomen 7. desember 1909, nær 28 år gamal.



Vil og ta med **Lars T. Nybru f. 1876**. Han var sonen til Tormod Bjørnsen Nybru og Brita Larsdotter frå Skipevåg. Han var dermed dobbelt syskenbarn med dei to sistnemnde Skipevåggutane.

Lars reiste til Amerika i 1897, han kom heim til Nybru til jul 1902, men reiste tilbake til Amerika igjen i lag med fleire andre Imslandsbuar med SS Saxonia i april 1903. Han var snekker og brubyggjar.

Lar gifta seg med Helen Hovland frå Etne.

Dei fekk to døtrer, ho yngste Helen blei gift med John Kjome. Dei fekk ein son i 1936 som heiter David Kjome. Lars T. Nybru er dermed den einaste av desse som me veit har etterkomarar i USA.

Som erfaren brubyggjar blei han etterkvart arbeidsformann. Det siste store bruprosjektet han var med på var ei av verdas mest berømte bruer, Golden Gate i San Francisco.

Lars Nybru fekk kreft, og døydde i Seattle 12.mai 1938 i sitt 62. år.



Biletet er teke i Seattle USA, truleg mellom 1904 og 1907. I allefall 11 av desse reiste til USA mellom mars 1903 og april 1904. 8 av karane er frå Imsland.

1. rekkje frå venstre: Albret Selland, Thormod O. Skipevåg, Osmund Øverland, Svend Slettestøl, Olaus O. Skipevåg, Lars T. Hustoft og Ola Tysseland.

2. rekkje frå venstre: Eilert E. Ersdal, Tore Øye, Ola J. Kvaløy, Bjørn B. Skipevåg d.y., ukjent frå Sauda, Mandius K. Kvaløyberget.

PS. Blå skrift er aktive linkar. Klikk på dei for meir info.